



Styremøte

Tid og stad:

Søndag 18. januar 2015 kl. 18.00 i Fløda hos Anne Bjørg.

Saksliste:

1. Årsmøte
2. Innbrotssaken
3. Trimpremiar
4. Eventuelt

Desse var til stades:

Leiar	Anne Bjørg Bringsvor
Sekretær	Eirik Voksøy Bringsvor
Kasserar	Svein Helge Bringsvor
Styremedlem	Knut Olav Skare

Referat:

Sak 1: Årsmøte fredag 6. februar 2015 kl. 19.00. Valnemnda er i gang. Rekneskap og årsmelding må fullførast. EVB lagar plakatar til å henge opp på butikken, ferjekaia og ferja. Ekstra merksemd på klubbhusprosjektet.

Sak 2: Innbrotssaken gått tilbake til forliksrådet. Vi har sendt brev til den skuldige. Dei tek kontakt med han, og går til politiet viss han ikkje vil gjere opp for seg.

Sak 3: Trimpremiarne for 2014 er bestilt og vert delt ut på årsmøtet. Kanskje burde vi finne på noko nytt til neste år?
Innspel om at vi bør skaffe oss merksemd i lokalavisa på grunn av dei store besøkstala på trimpostane.

Sak 4: Ingen eventuelle saker denne gongen.

Sandsøy Idrettslag
6089 Sandhamn
www.sandsoyil.no

Møtet slutt 19.00.

